# Notat

Til:
*Kriseleiinga*
*Leiarane*
*Compilo*

| Vår ref: | Sakshandsamar: | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|
| 2020/228-69 | Aud Sunniva Fuhr, aud.sunniva.fuhr@valle.kommune.no | X26 | 16.03.2021 |

## REFERAT FRÅ MØTE I KRISELEIINGA 16.03.2021

| | |
|---|---|
| Møtestad: | TEAMS |
| Møtetidspunkt: | 16.03.2021 |
| Desse møtte: | Aud Sunniva Fuhr, Steinar Kyrvestad, Benedicte Severinsen, Solveig Kyrvestad, Torleif Homme og Gunn Marith Homme |

| Nr. | Sak | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1. | Status<br>Nedgang smitte i agder, men er framleis på raudt. Tiltak har hatt effekt. Må likevel nemnast at Setesdal har lite smitte. Pr. dd har vi nokre personar som er i ventekarantene i Valle og Bykle. Status vaksine. Sjå heimesida. | | |
| 2. | Skule og utdanning<br><br>Ingen endring. Framleis gult nivå. | | |
| 3. | Idretts, fritids- kultur og livssynsarrangement<br><br>Kultursenteret er ope for kulturarrangement. Følgjer nasjonale retningsliner som ein finn her: Idrett, kultur og frivillighet - Helsedirektoratet<br><br>Viktig å merke seg at nasjonale retningsliner skiller mellom idrettsarrangement og kulturarrangement.<br><br>Kriseleiinga meiner at det er litt tidleg å kome med tilrådingar, men at vi må førebu oss på ei lik feiring av 17. mai som det var i 2020.<br><br>UKM er utsett til 10. april og vi kjem attende til det når det nærmar seg. | | |
| 4. | Sosial kontakt<br><br>Oppmoder framleis om minst mogleg sosial kontakt, men viktigast er å følgje dei nasjonale føringane. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Dei finn du her: https://www.helsenorge.no/koronavirus/oversikt-over-regler-og-anbefalinger/ | | |
| 5. | Reiser<br><br>Kommunalt tilsette skal avgrense reiseaktivitet i jobbsamanheng til det mest naudsynte. | | |
| 6. | Heimekontor<br><br>Vi pålegg ikkje heimekontor, men skal vurderast i særskilte høve. Det er leiar sitt ansvar å vurdere. Smittevern skal ivaretakast og den enkelte eining syter for tiltak/rutinar for dette.<br>Avgrense møteaktivitet. Hovudregel er gjennomføring av møter digitalt.<br><br>Ved fysiske møter:<br>2 meter avstand<br>Vurdere bruk av munnbind | | |
| 7. | Næring<br>Digitalt møte med butikkar og serveringsstader onsdag 16.03. 15.00 – 16.00. | | |
| 9. | Status i Valle kommune er at det er ingen smitte pr. dd.<br><br>Det er svært viktig at alle følgjer smittevernreglane for å halde smitten nede. Også veldig viktig med oppmoding om bruk om munnbind der det ikkje er mogleg å halde ein meters avstand. Dette gjeld særleg Rysstad og Brokke.<br><br>Munnbind er effektiv beskyttelse ved korrekt bruk. Vi ynskjer så langt det er mogleg å unngå påbod, men kan bli aktuelt dersom ein ser at oppmodinga ikkje når fram.<br><br>Ingen lokale reglar i Valle kommune. Vi følgjer nasjonale råd og reglar. Ved endra smittesituasjon kan dette raskt bli endra. | | |
| 10. | Neste ordinære møte vert onsdag 24. mars. | | |

Med helsing

Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør